

Reglar for ekskursjonar og studieturar for elevar i Tysvær kommune

Reglar i skulen sin regi

Skulesjefen er delegert mynde til å godkjenna ekskursjonar og studieturar eller samla planar for slike på vegne av Oppvekst- og kulturutvalet. Føresetnaden for å godkjenna ekskursjonar og studieturar og planar for slike er fylgjande:

1. Tema for turen skal vera ein del av skulen sine planar for den pedagogiske verksemda. Dette kan dokumenterast ved å visa til skulen sine planar.
2. Det skal ikkje kosta pengar for elevane (jfr. Gratisprinsippet)
3. Skulen skal sikra at ingen elevar blir heime av økonomiske grunnar.
4. Deltaking av skulen sitt personell skjer innanfor avtaleverket.
5. Det skal leggjast fram eit budsjett som syner total finansiering av opplegget der det også går fram at føresetnadene i punkt 2 og 3 er haldne.
6. Økonomisk støtte frå føresette, dugnadsarbeid og anna må ikkje syna kven som har bidrege/ ikkje bidrege.
7. Ekskursjonar/studieturar som skulen sjølv utviklar og står fagleg og organisatorisk ansvarlege for, inngår i skuleåret.

Turar utanom skulen sin regi

1. Ekskursjonar/studieturar som det vert tatt initiativ til av elevar/føresette eller som vert tilbydd utanfrå skal visast til dagar utanom skuleruta. Desse turane er soleis utanom skulen sitt ansvar. Lærarar kan delta på frivillig basis.
2. Skulane kan leggja til rette for fri dagar for elevgrupper i tillegg til dei som er fastsett i skuleruta dersom dette er praktisk/økonomisk mogleg. Ein kan gjera dette ved å nytta fleksitid med lengre skuledagar etter ein oppsett plan og i same timeomfang som bortfall av skuledagar.

Vedteke av Oppvekst- og kulturutvalet 07.02.08